

## **Handsama i Formannskapet - 04.04.2018:**

Lisbeth Selstø, arealplanleggjar, orienterte om saka og viste ein presentasjon.

Saka vart drøfta i formannskapet med eit nytt framlegg til vedtak lagt fram av Tom Georg Indrevik H. Møtet vart heva for å få drøfta framlegget.

### **Framlegg til vedtak frå H v/Tom Georg Indrevik**

- 1. Etter ei samla vurdering meiner formannskapet at etableringa er ei naturleg vidareutvikling av Straume som regionssenter. Fjell kommune har i § 3.4 i gjeldande kommunedelplan for Straume 2005-2018, bestemt ein romsleg, ikkje uttømmende, retningslinje for type handel som inngår i plasskrevjande handel. Formannskapet meiner at føreslått handelskonsept er i tråd med definisjonen i kommunedelplanen.*
- 2. I overordna plan er området sett av til plasskrevjande handel. Kva som inngår i dette har utvikla seg sidan Straumeplanen vart vedteken i 2006. Aktuell tomt eignar seg godt fordi høgspenlinja set store føringar i høve til annan bruk. Handelskonsept som krev areal utover 1000 kvm, og av den grunn ikkje passar inn på tradisjonelle kjøpesenter, kan etablerast slik som planlagt i denne saka. Eksempel på slike konsept er Jula, Biltema, Plantasjen, Felleskjøpet og liknande.*
- 3. Planen vil også kunne bidra til å binde idrettsanlegga og skulen på søre Straume saman med resten av sentrum.*
- 4. Formannskapet viser vidare til vedtak i KPU 3. april 2018 kor punkt 5.2.2. som omhandlar daglegvare, vart fjerna.*
- 5. Formannskapet tilrår at det vert gitt samtykke til detaljhandel i stort volum ref. punkt 2, med inntil 4000 m2.*
- 6. Formannskapet legg også til grunn at det for dette området skal gjelde same kvalitetskrav til utforming og parkering som for Straume sentrum.*

Framlegget vart stemt over opp mot innstillinga slik:

Innstillinga fekk 0 stemmer og fall.

Framlegget fekk 9 stemmer og vart vedteke.

### **Vedtak i Formannskapet - 04.04.2018:**

- 1. Etter ei samla vurdering meiner formannskapet at etableringa er ei naturleg vidareutvikling av Straume som regionssenter. Fjell kommune har i § 3.4 i gjeldande kommunedelplan for Straume 2005-2018, bestemt ein romsleg, ikkje uttømmende, retningslinje for type handel som inngår i plasskrevjande handel. Formannskapet meiner at føreslått handelskonsept er i tråd med definisjonen i kommunedelplanen.*
- 2. I overordna plan er området sett av til plasskrevjande handel. Kva som inngår i dette har utvikla seg sidan Straumeplanen vart vedteken i 2006. Aktuell tomt eignar seg godt fordi høgspenlinja set store føringar i høve til annan bruk. Handelskonsept som krev areal utover 1000 kvm, og av den grunn ikkje passar inn på tradisjonelle kjøpesenter, kan etablerast slik som planlagt i denne saka. Eksempel på slike konsept er Jula, Biltema, Plantasjen, Felleskjøpet og liknande.*

3. Planen vil også kunne bidra til å binde idrettsanlegga og skulen på søre Straume saman med resten av sentrum.
4. Formannskapet viser vidare til vedtak i KPU 3. april 2018 kor punkt 5.2.2. som omhandlar daglegvare, vart fjerna.
5. Formannskapet tilrår at det vert gitt samtykke til detaljhandel i stort volum ref. punkt 2, med inntil 4000 m<sup>2</sup>.
6. Formannskapet legg også til grunn at det for dette området skal gjelde same kvalitetskrav til utforming og parkering som for Straume sentrum.